



Politidirektoratet
Postboks 8051 Dep
0031 OSLO

08.03.2017

Vår ref
SRØ 2013000655 - 26

Dykkar ref

Arkiv
FA - X30

Løpenummer
17/1539

Klage på vedtak - Endringar i inndeling i lensmanns- og politidistrikt og tenestestader i Vest politidistrikt

Vedtaket er også sendt til Vest politidistrikt

Kommunestyret - 012/17:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Kommunestyret i Jølster syner til brev frå Politidirektoratet dat. 13.01.17 og til vår høyringsuttale i sak 115/6 av 13.12.16.

Kommunestyret påklagar Politidirektoratet si avgjerd i saka til Justisdepartementet i medhald av forskrift 2016-06-22-815.

I vår høyringsuttale går det fram at vi støttar framlegget om å ha ei regionalleieing i Sogn og Fjordane, plassert i Sunnfjord. Vi støttar og framlegget om færre og større tenestestader for å byggje kompetanse, kapasitet og beredskap i høve meir utfordrande kriminalitet og nye oppgåver. Men vi ba om at lensmannskontoret i Jølster vart oppretthalde og styrka, ut frå at det ligg midt i fylket og at stamvegane E39 og rv5 møtest i vårt kommunesenter på Skei.

Stor gjennomgangstrafikk gjer at Jølster har eit høgare ulukkestal enn innbyggartalet skulle tilseie, i snitt har vi ei dødsulukke annakvart år. Eit politi med kort uttrykkingstid er viktig for organisering av arbeidet og tryggleiken på ein skadestad. Ein annan faktor er at samfunnskostnaden med å halde hovudvegane stengt i unødig lang tid er høg, og vi har få og dårlege omkøyringsmoglegheiter.

Vår grunngeving for klagen er at vi ikkje kan sjå at våre argument for å oppretthalde det mest sentrale lensmannskontoret i Sogn og Fjordane er tatt omsyn til. Vi ber difor om at Justis- og beredskapsdepartementet opphevar vedtaket om at lensmannskontoret i Jølster skal leggest ned.

Med helsing



Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143



Jølster kommune

Arkiv: FA - X30
JournalpostID: 13/655- 23
Sakshandsamar: Ommedal, Laila
Bergheim
Dato: 15.02.2017

Saksframlegg

Saknr. utval	Utval	Møtedato
012/17	Kommunestyret	07.03.2017

Klage på vedtak - Endringer i inndeling i lensmanns- og politidistrikt og tenestestader i Vest politidistrikt

Vedlegg i saka:

1. Høyringsuttale - Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur 78928
2. Endringer i inndeling i Lensmanns- og Politistasjonsdistrikter og tjenestesteder i Vest Politidistrikt 80214
3. VS: Beslutninger om endringer i lokal struktur - Vest politidistrikt 80213

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Jølster syner til brev frå Politidirektoratet dat. 13.01.17 og til vår høyringsuttale i sak 115/6 av 13.12.16.

Kommunestyret påklagar Politidirektoratet si avgjerd i saka til Justisdepartementet i medhald av forskrift 2016-06-22-815.

I vår høyringsuttale går det fram at vi støttar framlegget om å ha ei regionalleieing i Sogn og Fjordane, plassert i Sunnfjord. Vi støttar og framlegget om færre og større tenestestader for å bygge kompetanse, kapasitet og beredskap i høve meir utfordrande kriminalitet og nye oppgåver. Men vi ba om at lensmannskontoret i Jølster vart oppretthalde og styrka, ut frå at det ligg midt i fylket og at stamvegane E39 og rv5 møtest i vårt kommunesenter på Skei.

Stor gjennomgangstrafikk gjer at Jølster har eit høgare ulukkestal enn innbyggartalet skulle tilseie, i snitt har vi ei dødsulukke annakvart år. Eit politi med kort utrykkingstid er viktig for organisering av arbeidet og tryggleiken på ein skadestad. Ein annan faktor er at samfunnskostnaden med å halde

hovudveggar stengt i unødig lang tid er høg, og vi har få og dårlege omkøyringsmoglegheiter.

Vår grunngjeving for klagen er at vi ikkje kan sjå at våre argument for å oppretthalde det mest sentrale lensmannskontoret i Sogn og Fjordane er tatt omsyn til. Vi ber difor om at Justis- og beredskapsdepartementet opphevar vedtaket om at lensmannskontoret i Jølster skal leggest ned.

07.03.2017 Kommunestyret

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KST-012/17 Vedtak:

Kommunestyret i Jølster syner til brev frå Politidirektoratet dat. 13.01.17 og til vår høyringsuttale i sak 115/6 av 13.12.16.

Kommunestyret påklagar Politidirektoratet si avgjerd i saka til Justisdepartementet i medhald av forskrift 2016-06-22-815.

I vår høyringsuttale går det fram at vi støttar framlegget om å ha ei regionalleieing i Sogn og Fjordane, plassert i Sunnfjord. Vi støttar og framlegget om færre og større tenestestader for å bygge kompetanse, kapasitet og beredskap i høve meir utfordrande kriminalitet og nye oppgåver. Men vi ba om at lensmannskontoret i Jølster vart oppretthalde og styrka, ut frå at det ligg midt i fylket og at stamvegane E39 og rv5 møtest i vårt kommunesenter på Skei.

Stor gjennomgangstrafikk gjer at Jølster har eit høgare ulukkestal enn innbyggartalet skulle tilseie, i snitt har vi ei dødsulukke annakvart år. Eit politi med kort utrykkingstid er viktig for organisering av arbeidet og tryggleiken på ein skadestad. Ein annan faktor er at samfunnskostnaden med å halde hovudveggar stengt i unødig lang tid er høg, og vi har få og dårlege omkøyringsmoglegheiter.

Vår grunngjeving for klagen er at vi ikkje kan sjå at våre argument for å oppretthalde det mest sentrale lensmannskontoret i Sogn og Fjordane er tatt omsyn til. Vi ber difor om at Justis- og beredskapsdepartementet opphevar vedtaket om at lensmannskontoret i Jølster skal leggest ned.

Saksutgreiing:

Politidirektoratet orienterer i brev av 13.01.17 om si avgjerd i saka om endring i inndeling av

lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og endringar i tenestestader i Vest politidistrikt. Der går det fram at lensmannsdistrikta Bremanger, Førde og Naustdal, Gloppen, Jølster, Fjaler, Hyllestad, Gaular, Askvoll, Balestrand og Høyanger vert samanslått til Sunnfjord lensmannsdistrikt med følgjande tenestestader: Flora politistasjon, Bremanger lensmannskontor, Førde lensmannskontor, Gloppen lensmannskontor, Fjaler lensmannskontor og Høyanger lensmannskontor.

Administrasjonsstad er lagt til Førde. Lensmannsdistriktet skal ivareta politimeslige og sivilrettslege gjeremål for kommunane Flora, bremanger, Førde, Naustdal, Gloppen, Fjaler, Høyanger, Hyllestad, Jølster, Gaular, Askvoll og Balestrand.

Kommunestyret sitt hovudargument for å oppretthalde og styrke lensmannskontoret på Skei var den store gjennomgangstrafikken i Jølster. Her møtest stamvegane E39 og rv5, noko som gjer at Jølster har eit høgar ulukkestal en innbyggartalet skulle tilseie. I 2016 hadde 13% av utrykkingane til vårt lokale brannvesen med bistand til politiet å gjere. 7 av totalt 22 utrykkingar har vore i samband med trafikkulukker. I snitt har vi ei dødsulukke annakvart år. Eit politi med kort responstid er viktig for organisering av arbeidet og tryggleiken på ein slik skadestad. Ein annan faktor er at samfunnskostnaden med å halde hovudvegar stengt i unødig lang tid er høg og vi har få, og dårlege omkøyringsmoglegheiter.

Politidirektoratet opplyser i sitt brev av 13.01.17 om at tenestestader som er råka av ny tenestestadsstruktur har rett til å klage på avgjerda:

«Politidirektoratets avgjørrelser kan påklages til Justis- og beredskapsdepartementet i medhold av forskrift 2016-06-22-815. Klagen skal fremsettes innen åtte uker fra det tidspunkt kommunen mottok underrettelse om avgjørelsen. Klagen skal sendes Politidirektoratet.

Frist for å klage på beslutningene ovenfor er 10. mars 2017.

Klagen skal være skriftlig og begrunnet, og skal angi hvilke endringer i avgjørelsen som kommunen ønsker eller om kommunen ønsker avgjørelsen helt eller delvis opphevet på grunn av forhold ved saksbehandlingen.»